



Kalkinga i gang i Uskedalselva i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalselva står også i år på kalkingsplanen til fylkesmannen i Hordaland. Kalkinga skjer i vassdrag som er forsura og då ved hjelp av helikopter.

Fylkesmannen vil heller ikkje i år betale pengar direkte til mottakarar av kalkingsmidlar. Som tidlegare vil dei betale eit entreprenørfirma for kalkinga.

Prosjekta i fylket vil bli kalka frå midten av august og frametter av Franzefoss Miljøkalk AS. Det er tilsaman 12 vassdrag som skal kalkast denne gongen. Kvinnherad JSFL har også eit prosjekt, blir det opplyst.